

# F U S A    K O M M U N E

## Føresegner og retningslinjer, detaljregulering for Grimeneset strand- og nauststområde, reguleringsendring del av Gnr. 19, bnr. 3 og 12 Plan-ID: 1241200809

- **Reguleringsplanen omfattar areal som vist på kart i målestokk: 1:1000, dagsett 24.02.2014**
  
- 1.1 Byggjeområde PBL § 12-5.1  
1589 Naust
  
- 1.2 Samferdselsanlegg PBL § 12-5.2  
2011 Kjøreveg  
2041 Kai  
2080 Parkering
  
- 1.3 Landbruk Natur og friluftsområde PBL § 12-5.5  
5110 Landbruksformål  
5112 Skogbruk- og opplagsplass  
5130 Friluftformål
  
- 1.4 Bruk og vern av sjø og vassdrag PBL § 12-5.6  
6620 Naturområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
  
- **1 Byggjeområde**
  
- 1.1 Naust. For naust skal takvinkel vera 34-45° med tradisjonell form. Naust sitt bruksareal skal ikkje overstiga 40m<sup>2</sup>. Max mønehøgde frå lågaste terreng 4,5m. Naust skal ikkje innreiast til varig opphald. Det skal ikkje gjevast bruksendring frå naust til fritidsbustad/ hyttenaust/ rorbu. Min. kotehøgde naustgolv kote 1.7.
  
- 1.2 Nausta er utleigenaust og kan ikkje delast i frå garden.
  
- 1.3 Nausta skal berre brukast som naust for oppbevaring. Nausta skal ikkje ha vindauge.
  
- **2 Samferdselsområde**
  
- 2.1 Felles parkering er privat og felles for alle som har naust i området.
  
- 2.2 Veg 1 er privat, har reguleringsbreidde 3m og er felles for alle som har eigedomsrettar tilknytt vegen.
  
- 2.3 Veg 2 er privat, har reguleringsbreidde 4m og er gardsveg for Gnr. 19, bnr. 3

- **3 Landbruk, natur- og friluftsområde**
- 3.1 Skogbruk, opplagsplass, rettigheter og bruk er avgjort ved dom.
  
- **4 Bruk og vern av sjø og vassdrag**
- 4.1 Før det vert gitt ferdigattest for fylling eller byggjeløyve for naust, skal fyllinga vera etablert i samsvar med planen. Fylling mot sjø skal ha estetisk utforming som strand.
- 4.2 Båtoppdrag er felles for alle nausta.
  
- **5 Fellesføresegner**
- 5.1 Kommunen skal ved handsaming av byggjemeldinga sjå til at eitkvart bygg får ei god form og materialval, og at bygg i same området får ei harmonisk utforming med omsyn til arkitektur og material.
- 5.2 Eksisterande vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på. Spesielle store tre skal sikrast.
- 5.3 Mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av Kommunen innanfor ramma av Bygningslova og Bygningsvedtektene for Fusa Kommune.
- 5.4 Det kan vera automatisk freda kulturminne skjult under markoverflata. Dersom det kjem fram funn eller konstruksjonar i samband med graving, må arbeidet straks stansast og fylkeskommunen få melding slik at det kan gjennomførast gransking på staden, jfr. Lov om kulturminner § 8 2.ledd.
- 5.5 All fylling og andre tiltak i sjø skal før arbeidet tar til godkjennast av Kystverket.